



DEN NORSKE KYRKJA

Helgheim og Ålhus sokneråd Referat

08.09.2026

Styre, råd og utval Helgheim og Ålhus sokneråd	Møtestad Skei Misjonshus	Møtedato 08.09.2026
Arkiv nr.		Møteslutt 1945

Til stades på møtet:

Desse møtte:

Hildegunn Huus (leiar Helgheim), Steinar Dvergsdal, Bjørn Anders Steinsund, Norvall Nedrebø, Marit Vallestad, Anette Svidal Slåtten (leiar Ålhus), Ingeborg Bråttvik Slåtten, Inger Johanne Klakegg, Ingunn, Støfringsstøl, Bernt Kjøsnes, Aud Førde, vara : Camilla Klakegg, Magne Kristian Kvinge og Børge Gjesdal, prest Selma Dahle Kraft

Meldt forfall

Solveig Stenslid Lesto

Saker 18 – 26/26

Hildegunn ønskte Selma velkommen som ny prest i Jølster. Selma heldt dagens ord.

Sakliste:

Sak 18/26 Godkjenning av innkalling.

Vedtak: Innkallinga godkjent utan merknad.

Sak 19/26 Godkjenning av referat av 05.05.26

Vedtak: Referat godkjent utan merknad.

Sak 20/26 Velkommen og presentasjon av Selma.

Selma orienterte kort om seg sjølv: Kjem frå Oslo, ferdig utdanna juni i år. Flytta inn i prestegarden på Ålhus, glad i naturen, har so langt møtt mange kjekke folk.

Vegen vidare: bli kjendt i kommunen, møte der folket er og skape fellesskap med menigheten. Kyrkja som møtepunkt. Lytte til folket.

Sak 21/26 Gudstenesteplan oktober- ut året 2026.

Vedtak: Gudstenesteplan blir godkjendt slik den ligg føre.

Sak 22/26 Økonomireglement.

Hildegunn orienterte.

Det er ikkje vedteke noko økonomireglement for fellesrådet i Sunnfjord.

Vedtak: Sokneråda i Jølster ber Sunnfjord fellesråd utarbeide økonomireglement for Sunnfjord kyrkjelege fellesråd og sokneråda som ligg under.



DEN NORSKE KYRKJA

Helgheim og Ålhus sokneråd Referat

08.09.2026

Sak 23/26 Bjørgvinsamtalen, 26 september på Vassenden kyrkjesenter

Følgjande blir påmelde: Hildegunn, Steinar, Kjellaug evt. Brita frå Helgheim.

Anette, Magne og Bernt frå Ålhus sokn

Sak 24/26 Kyrkjeval hausten 2027.

Nominasjonsnemnda består av 3 personar. Oppnemnt i kvart sokn.

Kandidatane blir spurt på førehand om dei vil stille.

Vedtak: Finne nominasjonsnemnd til neste møte.

Sak 25/26 Trusopplæringsutvalet – referat av 27.08.26

God aktivitet.

Vedtak: Referat godkjendt ut merknad.

Sak 26/26 Meldingar/orientering

- Sokneråda lagar til kyrkjevertliste etter gudstenesteplanen
- Jazz på Jølst, Jazzgudsteneste på Vassenden kyrkjesenter 11. oktober kl 11. Fellesgudsteneste for Jølster, Førde, Holsen og Haukedalen, Naustdal. Honorar til vokalist Catrine Søvde kr 5000,- deling på sokna. Eige sak i sokneråda.
- Evaluering av Kyrkjelydsturen 22. august til Vik i Sogn. Kjem eit godt referat i neste Hyrdingsrøysta
- Kyrkjeval hausten 2027. Nominasjonsnemnda kan oppnemnast på neste møte.
- Trond Herlø Sund går av som økonomisjef, Veronica Standal begynner som økonomikonsulent.
- Ingar Vagstad går av som driftssjef, Toril Øye tek over delar av hans oppgåver. Sigrunn Solheim Savland begynner som sekretær i Jølster i løpet av hausten.
- Konsert med Julesong i Helgheim kyrkje 1. desember.
- Konsert med SkeiVasskoret i Helgheim kyrkje 17. desember.

Aud Førde
møteskrivar